



# *DIAKONIPLAN FOR BRYNE KYRKJELYD ÅR 2020-2022*

## *Definisjon*

*"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd."*

## *Visjon*

*Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.*

## *Mål*

*Mål for diakonien er delt inn i dei fire hovudpunkta nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.*

***Lokale mål:*** Vi ønskjer at Bryne kyrkjelyd er eit fellesskap som


- vil fremja diakonien som ein sentral og førande del av kyrkjelydsarbeidet
- inkluderer (ønskjer deg velkommen uansett vor i livet du er)
- er stader å vere både i glede og sorg og når livet opplevast vanskeleg
- møter kvarandre med varme og respekt
- formidlar Jesu kjærleik gjennom forkynning og praktisk diakonalt arbeid
- har engasjement for menneske

## *Innleiing:*

Planen for diakonal verksemd tek utgangspunkt i Kyrkjerådet sin Plan for diakoni i Den norske kyrkja frå 2007. Målet er å konkretisera dei overordna tankane og strategiane i planen. Denne lokale diakoniplanen er gjennomarbeidd av diakon, diakoniutval og sokneråd, og vedteken på soknerådet sitt årsmøte i 2009. Deretter blei planen sendt til Fellesrådet som informasjonssak. Vidare skal planen evaluerast og oppdaterast annan kvart år. Dette blei gjort i 2011, 2013 og 2015,2017. Grunna tilsetting av ny diakon hausten 2019,vart evaluering av planen utsett til våren 2020. Neste evaluering er våren 2022.

# VERKSEMDSOMRÅDE

## Nestekjærleik



### Hovudmål:

- Den lokale kyrkjelyden har eit omsorgsarbeid som er retta mot lokale utfordringar.
- Kyrkje og kyrkjelyd inspirerer til eit liv i nestekjærleik.

### 1. Sorgarbeid / arbeid for etterlatne

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sorggrupper for vaksne etterlatne	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Sorggruppeleiarar og diakon	Kontinuerleg og ved behov (samarbeid, Jæren og Sandnes prosti)
Sorggrupper for barn-samarbeid, Diakon og Se-meg (se meg- en Interesseorganisasjon for barn som pårørande)	Å sjå og å støtta barn og ungdom som er pårørande. Gi tryggleik til barn og ungdom som opplever utfordrande livssituasjonar.og hjelpe dei gjennom prosessen	Diakon, Se meg.tilsette, og frivillige	Kvar onsdag og ved behov Jæren regionen - Egersund til Klepp.)
Kontakt med menneske i sorg via brev, telefon og besøk	Gi tilbod om besøk, samtale og sorggruppe	Diakon	Kontinuerleg
Samling for Sorggruppeleiarar	Dela erfaringar. Rettleiing og debriefing	Diakon	Fortløpande i prosessen og etter kvar sorggruppe med leiarar frå Time er avslutta.
Minnegudsteneste m/ opplesing av namn	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Time diakoniutval, diakon og organist	Kvar andre søndag i januar i Time kyrkje
Open kyrkje ved Allehelgensdag i Time kyrkje	Gi støtte ved besøk av gravene, bearbeiding av sorg, formidle det kristne. håp	Time diakoniutval, diakon og prest	Kvar laurdag før Allehelgensdag i Time kyrkje
Temakveld om sorg (samarbeid med Jæren og Sandnes prosti)	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Diakon	Ca ein gong i året, staden varierer mellom Sandnes og Jæren prosti
Samtalegrupper ved samlivsbrot	Gi støtte og bearbeiding av reaksjonar	Diakon	Kontinuerleg og ved behov (samarbeid, Jæren og Sandnes prosti)

## 2. Arbeid for eldre

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Åremålsbesøk, besøk til dei som fyller 80, 90, 95 og 100 år	Gi besøk med bokhelsing til alle medlemmar i kyrkjelyden når dei runder desse åremålsdagane	Diakon og diakoniuval	Kontinuerleg
Arrangera haustfest for alle over 60	Gi eldre høve til å koma saman til fest i regi av kyrkja	Bryne diakoniuval og diakon	Siste sundag i oktober (Bots og bønedag) kvart år
Torsdagstreff	Eit regelmessig og godt tilbod til eldre som er heime på dagtid	Eigen komité og diakon	Tredje torsdag i månaden på dagtid i Bryne kyrkje
Leses besøk på sjukeheim	Gi eldre ein annlies dag. Møte mellom generasjonane	Kateket, konfirmantane, skoleungdom	Kontinuerlig

## 3. Besøktjeneste

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Oppsøkjande verksemd, besøk i heimar	Imøtekomma ønske om kontakt og samtale	Diakon, frivillige og Bryne diakoniuval	Etter avtale med den einskilde
Lag brosjyrer- skriftlig informasjon	Dela ut informasjon om besøktjeneste.	Diakon, diakoniuval	Etter avtale med den einskilde
Soknebod	Gi nattverd i heimen til sjuke og dei som ikkje kjem seg til gudstenestene	Prest eller diakon	Etter avtale med den einskilde

## 4. Samlivsarbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Weekendkurs med spesiell invitasjon til dei som har gifta seg det siste året	Styrka samlivet i parforhold	Frivillige medhjelpar-par som held kurs, diakon, sokneråd	På Holmavatn ved behov.

## 5. Bønearbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Lage bønebrev	Mobilisera til bøn for kyrkjelyden	Frivillig bønegruppe	1 gong pr. semester
Bønegruppe	Be for kyrkjelyden og bønbehov. Ope for alle	Frivillig bønegruppe	Kvar onsdag kl 11-12.30 i dåpssakrestiet
Bønekrukke og bønepostkasse i kyrkja	Gje menneske ein moglegheit for å melda bønbehov	Frivillig bønegruppe	Kontinuerleg

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Tilby bønn med salving av sjuke	Be for, og salva sjuke som ønskjer det	Diakon, prest	I heimen til den sjuke eller i kyrkja, etter avtale med den einskilde
Tilby forbønn med handpålegging	Forbøn med handspålegging	Diakon/Prest, kyrkjelyd	Kontinuerleg

## 6. "Kirkens SOS"

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Informasjonsspreiing, utplassere kort, plakatar og oppslag	Gjera tilbodet kjend slik at folk får høve til å bruke det	Diakon, sokneråd og Helgedagen redaksjonen	Kontinuerleg, kunngjeringar og Helgedagen
Rekruttering av fleire medarbeidarar	Få fleire menneske frå Bryne engasjert i Kirkens SOS sitt arbeide	Sokneråd og diakon	Kontinuerleg og særleg ved nye medarbeidarkurs som Kirkens SOS arrangerer

## 7. Krisearbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Beredskapsarbeid, medlem av kommunalt kriseteam	Gi støtte til dei som vert ramma av kriser	Diakon og prest	Ved behov meldt frå kriseteamet sin leiar og kommunelegen.
Open kyrkje ved større ulykker o.a. regionalt eller lokalt	Gi støtte i krisesituasjonar ved at dei kriseramma har ein plass å koma til ved kriser	Diakon, prest og kyrkjevevje	Bryne kyrkje, Time kyrkje, Undheim kapell, Lye fors. hus ved behov

## 8. Omsorg for de einslege

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sosiale samlingar for einslege foreldre med barn	Forebyggja einsemd	Frivillige	Annakvar veke minus sommarferien

## 9. Omsorg for rusmisbrukarar

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
<i>Cafe William: utdeling av mat</i>	<i>Forebygge rus ved å gi omsorg</i>	<i>Diakon, frivillige Samarbeid med Frelsesarmeen</i>	<i>Bryne</i>
<i>Markering av rusfridag</i>	<i>Tydeleggjera vårt arbeid «Cafe William»</i>	<i>Diakoni utval Frelsesarmeen</i>	<i>8. juni Bryne</i>

# Inkluderande fellesskap



- Hovudmål:** 1. Fellesskapa i kyrkjelyden er opne og inkluderande.  
 2. Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrkje fellesskap og nettverk generelt lokalsamfunnet.

## 1. Menneske med utviklingshemming

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sundagstreff	Skapa sosialt og åndeleg fellesskap og gi kyrkjetilknytning	Frivillige i Sundagstreff-komiteen og diakon	Ein søndag i månaden i Bryne kyrkje og sommaravslutning med grillfest
Formiddagsgudsteneste med Bankers og sundagstreff	Inkludere menneske med utviklingshemming i gudstenestefellesskapet i kyrkja	Frivillige i Sundagstreff-komiteen, diakon og prest	Ein førermiddags-gudsteneste tredjekvart semester
Gudstenesteverkstad	Førebu deltakarane og øve på innslag til formiddagsgudstenesta	Frivillige i Sundagstreff-komiteen, diakon og prest	Ein ettermiddag i forkant av gudstenesta
Påskebesøk på Bryne vgs, avd for kvardagslivstrening	Møta elevane med påskebodskapen.	Diakon	I veka før påske, etter avtale med skulen. I kyrkja eller på skulen.
Gi sundagstreffdeltakarane tilbod om oppgaver i vanlege gudstenester	Inkludering i kyrkjelydsfellesskapet	Diakon og prest	Fortløpande

## 2. Andaktar og gudstenester på institusjonar

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sivdammen velferdssenter	Gje bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon og prest. Organist ved nattverd	Ein torsdag i månaden.

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sivdamheimen	Gje bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon og prest, Organist ved nattverd	Ein onsdag i månaden
Frøyland omsorgssenter	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon, prest og samarbeid med Frøyland og Orstad kyrkje	Ein onsdag i månaden
Bryneheimen	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon og prest. Organist ved nattverd	Annankvar torsdag, Nattverd ein gong i månaden..

## 2. Innvandrarbeid

Tiltak	Mål	Tiltak	Tid/Stad
Skapa individuelle relasjonar til innvandrarakar busett i kommunen	Inkludera menneske med fleirkulturell bakgrunn i kyrkjelydane sitt fellesskap og arbeid	Frivillige i kyrkjelyden,	Kontinuerleg
Treff for Innvandraren	Inkludere menneske med fleirkulturell bakgrunn i kyrkjelydane sitt fellesskap og arbeid	Frivillige i kyrkjelyden innvandrarkomiteen i Bryne kyrkje	Annankvar veke
Delta på språkkafeen «Snakkis» som er driven av kommunen	Støtta opp om kommunen sitt innvandrarakarbeid og skapa relasjonar til innvandrarakar.	Frivillige frå kyrkjelydane, Innvandrarkomiteen i Bryne kyrkje	Kvar måndag ettermiddag

## 3. Fellesskapsbyggjande arbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Familiefokus etter skuletid	Skape inkludering og trivsel i kyrkjelyden, og å auke barna sin gudsteneste-involvering	Kyrkjelydsutviklar og diakon	Tysdag kl. 13-15 dei vekene det er Familiefokusgudsteneste.
Smågrupper - Ha eit tilbod om smågruppe	Gje fellesskap gjennom smågrupper til alle som ønskjer det	Sokneråd, diakon, prest og frivillige	Kontinuerleg
Kyrkjeskys	Hjelpe dei som ikkje sjølv klarer å kome til kyrkja	Frivillige	Kontinuerleg
Arrangere medarbeidarfest / samling	Gje oppmuntring og inspirasjon til dei som er frivillige i kyrkjelyden	Stab og sokneråd	1 gong annan kvart år i Bryne kyrkje

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Ta imot folk som kjem til kyrkja	Gje både nye og faste kyrkjegjengarar ei oppleving av å bli godt mottekne i kyrkja	Kyrkjevertar, kyrkjekaffi komité, og dåpsvertar	Kontinuerleg
Kverdagsmesse	Gi menneske eit ope og godt Møte med kyrkja	Diakoniutvalg. Andre aktøra	X2 i året samarbeid med Frelsesarmeen Byrne

## Vern om skaparverket



- Hovudmål:**
1. Kyrkje og kyrkjelyd arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk og Mennesket som ein del av det.
  2. Kyrkjelyden og den enkelte er aktivt og konkret med på å skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap.

### 1. Vera Grøn kyrkjelyd

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Bevisstgjøring og haldningsskapande arbeid	Påverka folk sine levevanar og haldningar i forhold til miljøspørsmål	Ein frivillig komité utnemnd av Bryne Sokneråd. Oppfylginga gjeld alle i kyrkjelyden	Kontinuerleg
Tilby retreat på Utstein Pilgrims gard	Lyfta opp retreat-arbeidet og kontemplasjon. Inspirera til å delta på retreat.	Sokneråd, prest og diakon	Kontinuerleg
Påskevandring i Sandtangen Tilrettelagt for familiar	Gå ut med evangeliet på ein litt annleis måte slik at fleire får møta kristen tru. Bruk av utemiljø og natur	Diakon, dagleg leiar	I påkehøgtida

## Kampen for rettferd



- Hovudmål:** 1. Kyrkje og kyrkjelyd engasjerer seg i rettferdig fordeling av ressursane i verda.  
2. Kyrkje og kyrkjelyd står opp for menneske som får krenkt menneskeverdet sitt.

### 1. Fasteaksjonen

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/stad
Utlegging og bruk av fasteaksjonsmateriell	Spreie kunnskap om tema for Fasteaksjonen	Kateket, diakon, prest	Kvart år i fastetida.
TV-aksjonen	Støtta opp om diakonale tiltak i samfunnet og samla inn pengar til prosjektet	Bryne diakoniutval, diakon og frivillige	Kvart år i oktober på TV-aksjons dagen
Delta i innsamlingsaksjonen	Samla inn pengar til Fasteaksjonen	Kateket, diakon, konfirmantar m/foreldre, Bryne diakoniutval, frivillige	Kvart år, tysdag før Palmesundag.

### 2. Kyrkjelydens prosjekt

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Kyrkjelydens sitt misjonsprosjekt	Gi støtte til misjonsprosjektet og spreie engasjement omkring misjon	Misjonsutvalet	Kontinuerleg
Ofringar til organisasjonar som driv misjon/humanitært arbeid	Gi støtte til humanitære organisasjonar gjennom å samla inn pengar	Soknerådet	Ved fordeling av offer
Gudsteneste om rettferd og solidaritet	Gi støtte til vårt samarbeid med frelsesarmeen.	Diakon, prest, staben og Kyrkjelydsutviklar	Årleg: andre søndag i advent (menneskeretts dagen)

- Diakoniplanen er evaluert og revidert av diakon og diakoniutvalet
- Planen er godkjend av soknerådet hausten 2020
- Planen er oversendt til fellesrådet Desember 2020

Tidpunkt for ny evaluering: Våren 2022